

Referat FAU-møte 16.jan. 2022

Tilstade: Helge Tveit, Even Holskar, Anne Britt Setane, Anne Karin Grimstveit, Anne Marie Lauvdal, Theresa Viddal, Camilla S. Haugstøyl, Åshild Reime, Astrid Pedersen, Linda Grimenæs Felle, Julia Trontvedt, Kristina Kihle-Vik, Monica Hauge

Joleball – fornøgde elevar, skulen ynskjer å fortsette å ordne mat og kaker og litt røykmaskin/e.l. Skulen føler at dei hadde god kontroll på elevane, og at alle kunne vere trygge. Skulen måtte gå gjennom spelelistene i forkant, og må vere strenge med tekstar sjølv om vi veit at mange elevar høyrer på russemusikk o.l.heime.

Skulebygningane og arbeidet med renovering- arbeidet fortset med møter neste veke.

Status skuletur- 7. klasse held fram med reisene til Haraldvigen. Polentur i 9. klasse er under planlegging.

17. mai-komité er i rute

Lærarstillingar: spanskundervisning er avklart med digital undervisning av kvalifisert lærar. Undervisning startar i veke 3. Det vil vere ein vaksen tilstade i klasserommet. Skulen har hatt mange vikarar i haust. Det lysast ut stillingar i februar, og skulen har kontakt med fleire aktuelle som skal flytte hit. Skulen ynskjer å ha ei ekstra stilling for å sleppe å bytte vikarar så ofte.

Dysleksivenleg kommune – Nissedal ynskjer å bli godkjent som dysleksivenleg skule/kommune. Alle elevar skal gjennom ein test på småskule/mellomtrinn/ungdomsskule som skal sikre at alle som treng ein Logos-test får dette, og at mogeleg dysleksi, dyskalkuli og lese-og skrivevanskar vert avdekka så tidleg som mogeleg. Ei eiga gruppe på skulen fordjupar seg i dette arbeidet i samarbeid med PPT, og skulen håpar å få på plass systemet i løpet av våren.

Skulens tilbod under stengd veg mellom Nissedal og Treungen- Rektor ynskjer at foreldre eller representantar ringjer til han dersom det er spørsmål rundt dette. 7 elevar blir berørt at stenginga. Foreldra til borna det gjeld har fått brev ang. dette. Elevane som er i Kyrkjebygda skal fylgje undervisning via nett og følge timeplanen i Treungen. Dei skal også få mat og blir godt ivaretekne på Kyrkjebygda skule. Lærarane frå Kyrkjebygda skal møte på jobb i Treungen som vanleg. Elevane frå Kyrkjebygda kan møte på skulen i Treungen om dei vil. Generelt har informasjon ang. stenging av vegen kome litt seint for mange, men dette gjeld alle etatar, og er ikkje noko skulen har venta med å informere om.

Alle klassekontaktar må svare til dei som spør at dei må ta kontakt direkte med Marius ved spørsmål om denne saken.

Eventuelt

Fysiske bøker på ungdomsskulen. Særleg i matte ynskjer foreldre å ha fysiske bøker.

Dersom foreldre har ynskje om fleire fysiske bøker, så kan dei ta kontakt med Marius. Nokon fag har endå ikkje kome ut etter fagfornyninga.

PC- alle pc-ar til 8. klasse er bestilt. Desse kan dei kjøpe ut etter 3 år for 500 kr. Marius prøvar å finne pengar til at også 9. klasse skal få PC-ar. Skulen prøvar å vise skjønn når utstyr blir øydelagt m, men vi må samtidig lære elevane å ta vare på dyre ting.

Det er også bestilt nett-forsterkar til paviljong.

Fordeling av arbeid over året. Er det mogeleg å fordele arbeidsmengda litt meir utover året med tanke på tentamenar og store prøver/innleveringar som har ein tendens til å hope seg opp i desember? Marius tek det med seg vidare og meiner at særleg tentamen i januar kan vere stressande for mange elevar som vil ha ferie i jola.

Prisar på joleballet – må det vere slik at alle elevane må presenterast som nominerte? Kunne vi korta ned prisutdelingsbiten litt ved å ikkje ha så mange prisar/nominerte? FAU kjem med innspel til foreldremøte i komande 10.klasse om å forandre dette.

Gjennomgang av referat frå forrige FAU- møte.

Neste FAU-møte 17. april